

Signering av lånekontrakt – Vestland fylkekommune

Alle som skal låne bøker av skulebibliotek til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune må signere lånekontrakt. Ein digital versjon av lånekontrakten finn du her: https://skjema.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt_elev

Framgangsmåte:

1. Klikk deg inn på linken som står nemnd over (du finn den også på skulen sine nettsider, under «Elevar og føresette» - «Elevtenester» - «Biblioteket» - under avsnittet «Elektronisk lånekontrakt»). Her må du velje ein innloggingsmåte:

2. Etter at du har logga deg inn, må du velje målform, lese gjennom kontrakten og klikke «Gå vidare»:

3. Neste steg er å hake av for at du aksepterer lånevilkåra i kontrakten:

- Når du hakar av i feltet for «Eg stadfester å ha forstått...», vil det opne seg nokre felt der mellom anna namnet ditt skal stå og datoen. Her må du i feltet for «Stad» skrive inn staden der du oppheld deg, og i feltet for «Skule» må du rulle deg ned til der det står «Stord vgs».

- Klikk deretter «Gå vidare»

4. No vil du få opp heile lånekontrakten igjen, med namnet ditt under. Her skal du klikke i den vesle boksen for «Eg stadfester at opplysningane er korrekte»

LÅNEKONTRAKT FOR ELEVAR I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Informasjon Om søljar Innsending

Kontrollere opplysningane, stadfest og send inn.

Avtale om vilkår for utlån av læremiddel, skuleutstyr, mv. for elevar i vidaregåande opplæring
Avtalen skal dekke storparten av lån-, leige- eller kjøpsforholda mellom elev og vidaregåande skule. Ikkje alle punkt er relevante for alle elevar.

Utlån av lærebøker, bibliotekbøker og/eller anna materiell

1. Tilbakelevering

Lånetida for lærebøker og/eller anna materiell er 1 skuleår. Det utlånte materialet skal leverast tilbake i god stand ved skuleåret sin slutt, seinast siste skuledag kvart skuleår. Dersom eleven sluttar eller byter skule tidlegare, skal det utlånte materialet leverast attende seinast 14 dagar etter sluttdato. Eleven må levere tilbake det same eksemplaret som vart lånt ut. Det er viktig å hugse på og ta omsyn til at

Stad Stord
Dato 08.08.2022

Eg stadfester å ha forstått og akseptert vilkår for utlån av læremiddel, skuleutstyr, mv. for elevar i vidaregåande opplæring.

Eg stadfester at opplysningane er korrekte.

Signering av lånekontrakt

Ved å trykke på «Til signering» vil du bli ført vidare til signeringsportalen der oppdraget ditt kan signerast.



< Tilbake

5. Etter å ha klikka på knappen «Til signering» som dukkar opp, vil du få opp heile kontrakten nok ein gong. Her finn du ein knapp heilt i botnen med tittel «Signer dokument». Klikk knappen og følg dei siste instruksane:

Signeringsdokument

Vestland fylkeskommune

Lånekort og ID-kort
1. Lånekort
I samband med utlån av lærebøker/materiell kan eleven få tildelt nasjonalt lånekort. For å få nasjonalt lånekort må eleven gje samtykke til å fødselsnummer vert lagra i Felles lånerregister. Elevar som ønskjer nasjonalt lånekort må ta kontakt med skulen sitt bibliotek for å gje slikt samtykke. Nasjonalt lånekort kan nyttast i heile landet, på alle bibliotek. Dersom eleven ikkje ønskjer å registrere fødselsnummer, vil kortet berre kunne nyttast på skulen.
For å få lånekort må eleven vise legitimasjon og signere denne låneavtalen.
Ved tap kostar nytt lånekort kr. 20.

2. ID-kort
Ved tap av ID-kort eleven har fått utdelt frå skulen, pliktar eleven å erstatte tapt. Erstatningsplikta er avgrensa til kostnaden med utskriving av nytt kort.

Elev
Namn E. M. [redacted]
F.nr [redacted]
E-post [redacted]
Stad Stord
Dato 08.08.2022

Eg stadfester å ha forstått og akseptert vilkår for utlån av læremiddel, skuleutstyr, mv. for elevar i vidaregåande opplæring.

Avslutt Signer dokument

Sida 2 av 2

- Du vil no få tilsendt den endelege kontrakten til epostadressa di. Dette som ein kvittering på at kontrakten no er signert. Mogleg du også kan laste ned kontrakten som ein PDF-kvittering med det same. Når du kjem ned til skulebiblioteket for å låne bøker første gongen, må du vise kvitteringa på at du har undertekna lånekontrakt før du får låne bøker.

Velkomen som lånar ved Vestland fylkeskommune sine skulebibliotek!